

Fekk midlar til Inn på tunet

20.07.2012

**Kvinnherad har som den einaste kommunen i fylket fått 400 000 kroner i stønad frå Innovasjon Norge til Inn på tunet-løftet 2012 og Svein Ottar Rørheim og Anne Kari Rørheim i Uskedalen vil verta tilgodesett i ein prøveperiode.
Godkjent kostnadsramme er 1 600 000 og stønaden er begrensa til 2 år av omsyn til disponible rammer og fordi løyvingane opphører i år.**

Tilskotet går til 'Demente på gardsbruk' og kommunen har akseptert tilskotet og vilkåra for dette.

Svein Ottar er bonde og Anne Kari vernepleiar og dei har lenge hatt ynskje om å få delta i eit slikt opplegg.